



**forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal**

Sula kommune

Dato: 10.02.2022

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **PLANINITIATIV – mindre endring for Gbnr. 94/424, Utbyggingsplan for gnr. 94 bnr. 412 - Solsletta ved Vågevatnet**

Vi viser til høyring på mindre endring for Gbnr. 94/424, Utbyggingsplan for gnr. 94 bnr. 412 - Solsletta ved Vågevatnet.

I våre brev av 22.09.2011 og 01.06.2021 har vi uttrykt vår bekymring for tilstanden til Vågevatnet. Vi har meldt inn følgjande utfordring; « *Utløpet av Vågevatnet verkar å vere meir eller mindre attstengt/attfylt. Vatnet ligg vel så lavt at det er naturleg med utskifting av marint vatn og kan vel kanskje gå under naturtypen poll;brakkvannspoll. Det ser ut som det framleis blir fylt att med masser som vanskeleggjer eit naturleg utløp frå vatnet. Det ligg ein veg over utløpsbekken som no ligg i rør. Bekkelukking er ikkje ønskjeleg med omsyn på eit vassdrag sin store verdi som naturtype og rekreasjonsområde. Er det som no går føre seg av masseylling i vassdraget i tråd med gjeldande lovverk ? Om det eventuelt er gjeve løyve til rasering av dette vassdraget, ber vi om at det blir vurdert korleis ein kan opna opp og føre tilbake til naturen denne utløpsbekken.*  »

I svarbrev frå kommunen 19.08.2021 er det blant anna svara; « *Det vil hausten 2021 bli lagt fram ei sak om Vågevatnet for politisk handsaming. Korleis tilstanden i Vågevatnet skal betrast er eit spørsmål som er tenkt besvart gjennom kartlegging og prosjektering, gitt at prosjektet vert finansiert.»*

Når no så det kjem ein høyring på ein (mindre) endring i ei reguleringsplan som drenerer ned til Vågevatnet syns vi det er rart at dette ikkje blir satt i samanheng. Det hjelpt ikkje om det er ein «mindre endring» for kvar einskild utbygging rundt Vågevatnet forverrer jo situasjonen med auka belastning på ein natur som allereide er hardt skada. Og det hjelpt heller ikkje om ein tenkjer dette gjort lovleg ved ein lovleg endring av ei gjeldande reguleringsplan – naturen spør ikkje etter lovlegheit, konsekvensen er like dramatisk for livet i og rundt Vågevatnet.

---

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no)  
[www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no)



**forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal**

## Konklusjon

**Sula kommune må ta eit heilheitleg ansvar for Vågevatnet. Dette medfører at kvar ein skild utbygging i nedslagsfeltet uvesentleg storleik må settast i samanheng med dette. FNF Møre og Romsdal rår til å avvente den omsøkte reguleringsendringa inn til ein har ei plan og kontroll på forureiningssituasjonen i Vågevatnet.**

*Ingbjørn Bredeli*

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal